

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport 2012-2014 – Bulyst

Til: KMD

Fra: Solund kommune

Dato: 13. mars 2015

Kommune:	Solund
Prosjektnavn:	Solund til 1000
Prosjektleder:	Mark Elvevåg
Leder i styringsgruppen:	Ole Gunnar Krakhellen
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Svein Arne Skuggen Hoff
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Føremålet er å sikre langsiktig lokal utviklingskraft i Solund kommune.</p> <p>Hovudmåla er å:</p> <ul style="list-style-type: none">• tydeliggjere kommunen si rolle i utviklingsarbeidet• skape betre gjennomføringsevne for lokale prosjekt• styrkje stoltheita for Solund• finne ein modell for gode lokale løysingar for offentlege tenester <p>I tillegg har Solund til 1000 seks ulike «bein», kvart bein med forskjellige delmål:</p> <p>Bustad</p> <ul style="list-style-type: none">• Det finst fleire bustadar til utleige i Solund.• Alternative miljøvenlege bustadar (t.d. TUN+) er blitt bygd i Solund.• Innbyggjarane i Solund har auka kunnskap om kva mogelegheiter dei har for å bygge nye bustadar og korleis miljøaspekt kan brukast for å forbetra bustadane. <p>Utvikling</p> <ul style="list-style-type: none">• Innbyggjarane i Solund har mogelegheiter til relevant kompetanseheving og personleg utvikling. <p>Levande Liv</p> <ul style="list-style-type: none">• Møteplassar har blitt etablert og fører til 1) auka sosial kontakt mellom folk og 2) samarbeid mellom ulike grupperingar (t.d. geografisk, alder,

interesse) i kommunen.

- Lokalsamfunn i Solund er blitt utvikla etter dei ønskemål som kommer fram i framtidige prosessar.

Yrkesmangfald

- Nye bedrifter og arbeidsplassar, inkludert statlege arbeidsplassar, er blitt etablert i Solund kommune.
- Innbyggjarane i Solund har tilgang til statlege tenester gjennom nye løysingar.

Samordning

- Gjennom samarbeid mellom Solund til 1000, Frivilligsentralen, Folkehelsekoordinatoren og SNU har nye og etablerte prosjekt fått auka gjennomføringsevne.

Tilknytning

- Solund kommune sine innbyggjarar er stolte over kommunen og har auka kunnskap om Solund si historie, kultur og natur.
- Solund har ein tydeleg profil som vert brukt i marknadsføring.
- Innvandrarar og tilflytta nordmenn er integrert i samfunnet.

Måloppfylling hovudmåla

Noter at prosjektet fortset med tiltak i 2015 med støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Mange små kommunar, inklusive Solund, har lite resursar og arbeidar under press for å levere lovpålagt tenestetilbod. Å tenke samfunnsutvikling er difor ikkje alltid fyrste prioritet. Gjennom bulystprosjektet har Solund kommune likevel fått moegelegheit å setje fokus på utviklingsarbeidet. I ulike prosessar har ein tydeleggjort, eller i alle fall byrja å tydeleggjere, si rolle som utviklingsaktør. Bustadutvikling, integrering og utarbeiding av utviklingsstrategi er døme på dette.

Å skape betre gjennomføringsevne for lokale prosjekt var ei viktig tanke bak bulystprosjektet i Solund. Prosjektleiaren har delteke i fleire prosjekt. Alle prosjekta har fått framdrift, men den største grunnen er likevel dei eldsjeler som bidrar med sitt engasjement.

Fleire tiltak har vore gjennomført i løpet av prosjektperioden for å styrkje stoltheita til kommunen, og spørjeskjema i samband med utarbeidinga av bustadstrategien og utviklingsstrategien syner at der er sterk tilknytning og stolheit for Solund.

Som vart signalisert allereie i årsrapporten for 2013 har prosjektet ikkje klart å finne ein modell for offentlege tenester. Der er mange utfordringar knytt til dette spørsmålet, inklusiv at statlege tenester og arbeidsplassar blir sentralisert til regionale og nasjonale sentra.

Delmål:

Bustad

Eit møte i 2013 mellom kommuneorganisasjonen og næringslivet tydeleggjorde behovet av å kartleggje bustadsituasjonen før ein byrjar med konkrete tiltak.

	<p>Ein bustadanalyse blei utarbeidd med over 350 innspel frå ålmenta og bedrifter. Gjennom bulystprosjektet fekk representantar frå kommuneorganisasjonen mogelegheit å delta på seminar om Hamarøymodellen. I 2014 utarbeida prosjektet eit konkurransegrunnlag for å realisere seks nye bustadeiningar, både for vanskelegstilte og den private marknaden. Dette grunnlaget vil bli lagt ut på Doffin i byrjinga av 2015. TUN+-prosjektet viste seg å bli altfor dyrt, og er difor ikkje realisert.</p> <p><u>Utvikling</u></p> <p>Bulystprosjektet bidrog til å gje innbyggjarar mogelegheit til kompetanseheving og personleg utvikling gjennom å arrangere leiarkurs og kurs i styrearbeid, samt forelesingar om bl.a. Solund sitt konglomerat og lys i tettstadforming (gjennom Alt lys på Solund sin lyskunstfestival).</p> <p><u>Levande liv</u></p> <p>Med støtte frå bulystprosjektet etablerte Solund Frivilligsentral i 2013 ein gjenbruksbutikk og kafé på kommunesentrumet Hardbakke. Dette er blitt ei viktig møteplass for alle aldrar, og kafeen blir brukt til mange ulike aktivitetar, også utanom ordinær opningstid.</p> <p><u>Yrkesmangfald</u></p> <p>Prosjektet klarte ikkje å finne alternative løysingar for statlege tenester. I prosjektet Kystparken, som opphavleg var eit forprosjekt initiert av bulystprosjektet, vil ein framover prøve å realisere ei stilling som friluftsråd i Solund.</p> <p><u>Samordning</u></p> <p>Ei grunnleggjande tanke bak Solund kommune sitt bulystprosjekt var å samordne lokale prosjekt. Prosjektleiaren deltok difor i fleire arbeidsgrupper, til dømes Kystparken, Solunddagen, lysprosjektet Alt lys på Solund og Tettstadforming Hardbakke. I tillegg koordinerte bulystprosjektet etableringa av Solund skatepark og produksjonen av Solundavisa 2014.</p> <p><u>Tilknytning</u></p> <p>Ulike tiltak blei gjennomført for å auke kunnskapen om Solund sin historie, natur, kultur. (Sjå nedanfor for meir informasjon.)</p> <p>Hausten 2014 sette Solund kommune, i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor, i gang ein prosess for å utarbeide ein utviklingsstrategi basert på eksisterande resursar og mogelegheiter. I tillegg skal handlingsplan og kommunikasjonsplan utarbeidast for å sikre gjennomføringsevne. Strategien skal handsamast av kommunestyret i mars 2015.</p> <p>Der vart gjennomført fleire integreringstiltak i løpet av prosjektperioden, og bulystprosjektet bidrog med innspel til Solund kommune sin integreringsplan. Planen vil i 2015 bli brukt som grunnlag for å gjennomføre konkrete tiltak som å etablere tilflyttingskoordinator, danna ei internasjonal gruppe, og utarbeida velkomstpakke for tilflyttarar.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til</p>	<p>Prosjektet er ei brei satsing og målgruppa er difor også brei. Målgruppene er framfor alt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alle innbyggjarar i Solund (om lag 800 personar)

<p>disse?</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Lag og organisasjonar - Bedrifter - Kommunale etatar - Innvandrar og tilflytta nordmenn - Utflytta personar, framfor alt unge, med tilknytning til Solund <p>Prosjektet har nått fleire målgrupper gjennom ulike tiltak, men for å skape eit breiare engasjement rundt utviklingsarbeidet i Solund er det viktig å spisse både mål og målgrupper. Utviklingsstrategien vil forhåpentlegvis bidra til å gjere dette tydelegare.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p><u>Bustad</u></p> <p>Ei gruppe arbeida med TUN+-prosjektet, men grunna høge kostnader blei det ikkje realisert nokre bustadar.</p> <p>Ein bustadanalyse som syner mogelegheiter og utfordringar, samt behov og ynskje, blei utarbeidd. Eit spørjeskjema gav om lag 350 svar frå ålmenta og bedrifter. Konkrete tiltak frå analysen vil bli gjennomført i løpet av 2015, inklusivt å laga ein bustadstrategi som tydeleggjer korleis Solund kommune skal arbeide med bustadutvikling i framtida.</p> <p>Representantar frå kommuneorganisasjonen fekk gjennom bulystprosjektet mogelegheit å delta på eit seminar om Hamarøymodellen. Ein av aktørane i Hamarøy vart invitert til Solund for å fortelje lokale utbyggjarar om Hamarøymodellen, og modellen vil i 2015 bli brukt for å realisere fire nye bustadeiningar for vanskelegstilte og to einingar for den private marknaden.</p> <p><u>Utvikling</u></p> <p>I 2013 arrangerte bulystprosjektet, i samarbeid med Solund Næringsutvikling, leiarkurs med 14 deltakarar frå bedrifter i kommunen. I 2014 vart det arrangert kurs i grunnleggjande styrearbeid med 15 deltakarar, og basert på tilbakemeldingane blir det i 2015 planlagt eit større kursopplegg rundt strategisk styrearbeid.</p> <p>I tillegg vart det arrangert kurs i søknadsskriving og forelesingar om Solund sin geologi samt lys i tettstadforming (gjennom Alt lys på Solund). Administrasjonssjefen, ordføraren, ein representant frå formannskapet og prosjektleiaren har delteke på Distriktssenteret sin Omdømmeskule.</p> <p><u>Levande liv</u></p> <p>Med støtte frå bulystprosjektet realiserte Solund Frivilligsentral i 2013 ein gjenbruksbutikk og kafé på kommunesentrumet. Kafeen er blitt ein viktig møteplass for alle aldrar, og den blir brukt til mange føremål, t.d. integrering, møtelokal, mm.</p> <p><u>Yrkesmangfald</u></p> <p>Bulystprosjektet inviterte lokale aktørar til møte for å diskutere ulike alternative løysingar for statlege tenester, men ein fann inga alternativ som gjekk å gjennomføre praktisk. Solund kommune var også i dialog med både statlege departement og Distriktssenteret om utfordringa, men med same resultat.</p> <p><u>Samordning</u></p> <p>Gjennom bulystprosjektet har fleire utviklingsprosjekt vore initiert.</p>

Forprosjektet Solund Kulturlandskapsark blei vidareført til eit hovudprosjekt med namnet Kystparken, og fekk støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fylkeskommunen.

Bulystprosjektet koordinerte arbeidet med forprosjektet Tettstadforming Hardbakke. Hovudprosjekt fekk tilsegn på midlar frå fylkeskommunen og skal gjennomførast i perioden 2014-2016. I hovudprosjektet har ein, ved hjelp av bulystprosjektet, blant anna gått i gong med utarbeidinga av lysplan for kommunesentrumet. I samband med forprosjektet blei det òg utarbeida ein separat rapport om mogelegheiter for sentrumsnære turvegar.

I samarbeid med lokale ungdomar blei søknad om spelemidlar for å laga ein skatepark utarbeidd. Søknaden fekk tilsegn og skateparken vil bli bygd i løpet av våren 2015.

Bulystprosjektet koordinerte fleire dugnader og møte for å skape nytt interesse for Kystarboretet, Solund sin 1000-årsstad.

Ei brosjyre om organisasjonar og aktivitetar i Solund blei laga for å informere om – og samtidig synleggjere – aktivitetar i kommunen. Brosjyren, som var eit samarbeid med Solund Frivilligsentral, Folkehelsekoordinatoren og Solund kommune, blir også brukt som informasjon for tilflyttarar.

I desember kvart år blei det laga julekalender på Solund Nyheter (Facebook). Føremålet var å synleggjere bedrifter, organisasjonar og aktivitetar i kommunen. Kvar dag blei det publisert ei julehelsing og eit bilete frå ulike stadar i kommunen. Tiltaket vil fortsette i 2015, men vil då vidareutviklast for å skape ny interesse.

Bulystprosjektet støtta Solund Frivilligsentral i sitt arbeid med å ta imot internasjonale volontørar, bl.a. med hjelp ved søknadsskriving til EU.

Prosjektleiaren deltok i prosjektgruppa for mogeleg busetjing av flyktningar. *(Det er etterpå blitt vedtatt at Solund skal ta imot flyktningar i løpet av 2016.)*

Stillingsannonsemaal blei utarbeid der bruk av bilete syner livskvaliteter ved å bu i Solund. Annonser har fått mykje positiv respons og har bidrege til at kommunen har fleire gode søkjarar til stillingar.

Sommarbrosjyre blei produsert kvar sommar med informasjon om arrangement, lokale reiselivsbedrifter, ting å gjere i Solund, og praktisk informasjon.

Bulystprosjektet koordinerte produksjonen av Solundavisa 2014, og bidrog med artiklar i 2012 og 2013.

I samarbeid med Solund Næringsutvikling koordinerte prosjektet innspelninga av matprogrammet Det Norske Måltid, som blei sendt på TV2 i november 2013.

	<p><u>Tilknytning</u></p> <p>Der vart gjennomført fleire tiltak for styrkje stoltheita for Solund.</p> <p>Bulystprosjektet har koordinert produksjonen av fotoboka: <i>Solund – eit år der land møter hav</i>. Boka var eit dugnadsprosjekt der over 30 personar bidrog med sine beste bilete frå Solund. Den regionale avisa Firda skreiv ein artikkel om boka med rubrikken «Vi som elsker Solund», og publiserte sju sider med bilete frå boka. Artikkelen har vore delt over 1.100 gonger på Facebook og har såleis synleggjort Solund på ein veldig positiv måte.</p> <p>Filmen Øyriket Solund (https://www.youtube.com/watch?v=E3Rbq_QhfrQQ) blei laga i 2013 og har vore mykje vist. Filmen har vunne to prisar på lokale filmfestivalar i Sogn og Fjordane. Bloggen Ung i Solund synte mange positive verdiar ved å vere ung og bu i Solund. Det vart arrangert forelesingar om Solund sitt unike kystlandskap (konglomeratet) og det vart laga ein løype på kommunesentrumet med informasjon om ulike punkt og bygg. Etter innspel frå Ungdomsrådet har det vore arrangert båtførarkurs og båtførarprøve.</p> <p>Eit viktig tiltak for å sikre vidareføringa av prosjektet etter prosjektperioden er at Solund kommune no utarbeidar ein utviklingsstrategi. Dette skjer i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor, og strategien skal vedtakast av kommunestyret i mars 2015. I tillegg til strategien skal det òg utarbeidast handlingsplan med konkrete tiltak.</p> <p>Det vart arrangert møte med innvandrar for å få innspel på korleis Solund kommune betre kan leggje til rette for tilflyttarar. Kwart år vart det òg arrangert Internasjonal kafé med over 100 besøkarar. Der er framleis mykje å gjere med integreringsarbeidet og i 2015 vil fleire tiltak bli gjennomført, bl.a. vil bulystprosjektet ta ein mellombels rolle som tilflyttingskoordinator, det vil bli etablert ei internasjonale gruppe og det skal lagast velkomstpakke.</p> <p><i>Det skal noterast at kommuneorganisasjonen ved sida av bulystprosjektet kontinuerleg jobbar med viktige utviklingstiltak som samferdsel, Internettkapasitet, infrastruktur og ferjesamband.</i></p>
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<p>a) Følger opprinnelig plan (X)</p> <p>b) Forsinket pga.</p> <p>c) Det er foretatt følgende justering</p> <p>Dette er ein sluttrapport for perioden 2012-2014. Prosjektet fortset likevel i 2015 med støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. I tillegg vil utarbeiding av ein lokal utviklingsstrategi forhåpentlegvis bidra til at utviklingsarbeidet held fram også etter 2015.</p>
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<p>a) Helt lokal effekt (X)</p> <p>b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen.</p> <p>c) Effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) Effekten kommer i eget og andre fylker</p> <p>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge</p> <p>f) Vet ikke/ikke relevant</p>

<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)</p>	<p>Prosjektet brukte PLP-metoden og prøvde gjennom ulike tiltak å involvere næringsliv, frivillig sektor og ålementa til aktiv deltaking i prosjektet.</p> <p>Formannskapet var styringsgruppa for prosjektet, og opprinneleg bestod prosjektgruppa av fem personar: ordføraren, administrasjonssjefen, samt ein representant frå Plan og utvikling, næringslivet og frivillig sektoren. I 2013 blei styringsgruppa og prosjektgruppa slått saman for å skape eit større forum for diskusjonar om bulystprosjektet og lokal utvikling.</p> <p>I nokre «bein» vart prosjektet brukt som ein ekstra resurs for kommunen for å kome vidare med tiltak som elles ikkje blei arbeida med. I 2013 vart til dømes eit forprosjekt på tettstadforming gjennomført, og i 2014 fekk Solund kommune tilsegn på etterfylgjande hovudprosjekt. Gjennom bulystprosjektet har Solund kommune dessutan fått tilsegn på spelemidlar for ein skatepark.</p>
<p>Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Solund til 1000 er eit kommunalt prosjekt og det kan difor vere vanskeleg å trekkje ut verdiar som kan førast over til lokalsamfunn eller lokale bygdeutviklingsprosjekt. Ein har likevel sett at det er viktig å forankra denne type prosjekt, både hjå politikar og innbyggjarar, tideleg i prosessen, samt å tydeleggjere roller og forventningar på til dømes prosesser og resultat.</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>Prosjektet har bidrege til å synleggjere Solund i ulike samanheng. Det har vore arrangert to HAFS-treff i Bergen for utflytta ungdom. Ulike brosjyrar er blitt laga, inkl. ein sommarbrosjyre og ein brosjyre med relevant informasjon for tilflyttarar, til dømes kontaktinformasjon til alle lag og organisasjonar.</p> <p>Bulystprosjektet koordinerte produksjonen av Solundavisa 2014, og skreiv artiklar i 2012 og 2013. Gjennom prosjektet vart artiklar om ulike lokale prosjekt publisert i regionale aviser. I samarbeid med Solund Næringsutvikling koordinerte prosjektet innspelninga av matprogrammet Det Norske Måltid, som blei sendt på TV2 i november 2013.</p> <p>I desember 2014 kom fotoboka <i>Solund – eit år der land møter hav</i> ut til sal. Ein blogg (Ung i Solund) og ein film (Øyriket Solund) blei laga for å synleggjere positive verdiar i Solund, framfor alt for yngre personar med tilknytning til kommunen. Ein heilt ny type stillingsannonse vart laga for Solund kommune, og også brukt som ei måte å marknadsføre kommunen på.</p> <p>Prosjektleiaren deltok på fleire bulystsamlingar i prosjektperioden, bl.a. Vestlandsk Vidsyn i Nordfjordeid 2013 og Stavanger 2014. I fylkeskommunen sine lokale samlingar for bulystprosjekt i Sogn og Fjordane. I arbeidet med Tettstadforming Hardbakke fekk Solund kommune mogelegheit å medverke i eit fylkeskommunalt forprosjekt om metoden Cultural Planning.</p>

Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Revidert budsjett 24.04.2014		Rekneskap	Avvik	
	Kostnader	Total 2012-2014	År	2012-2014	2012-2014
	Lønn og sos. kostn. prosjektleiar	1 700 000	566 667	1 701 936	-1 936
	Kjøp av tenester	960 000	320 000	1 079 848	-119 848
	Reisekostnader	105 000	35 000	98 311	6 689
	Marknadsføring/omdøme	120 000	40 000	101 872	18 128
	Andre driftskostnader	60 000	20 000	39 570	20 430
	Utstyr lkt m.v.	30 000	10 000	20 039	9 961
	Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)	120 000	40 000	128 000	-8 000
	Eigeninnsats timar	1 080 000	360 000	1 124 525	-44 525
	Sum kostnader	4 175 000	1 391 667	4 294 100	-119 100
	Finansiering				
	Tilskot KMD	1 900 000	633 333	1 900 000	-
	Tilskot Fylkeskommunen	1 150 000	383 333	1 150 000	-
	Eigne midlar - Næringsfond	225 000	75 000	250 000	25 000
	Andre inntekter	0	0	83 316	83 316
	Eigeninnsats SK (kontor m.v.)	120 000	40 000	128 000	8 000
	Eigeninnsats timar	780 000	260 000	1 124 525	344 525
	Sum finansiering (midlar + eigeninns.)	4 175 000	1 391 667	4 635 841	460 841
	Herav ekstra eigeninnsats			-352 525	
	Sum finansiering	4 175 000	1 391 667	4 283 316	460 841
	Sum finansiering-kostnader	0	0	-10 784	
Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen (X) b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser (X) c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen (X) f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? (X) i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? (X) 				
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	<p>Gjennom arbeidet med framfor alt ein lokal utviklingsstrategi legg Solund kommune ei solid grunn for framtida arbeid med lokal utvikling. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar prosjektet også i 2015, og dette gir Solund kommune ei moglegeheit å arbeide vidare med strategiske tiltak. Bustadanalysen og ein framtidig bustadstrategi vil hjelpe Solund kommune å kome vidare med tilrettelegginga og utviklinga av bustadbygging, ei viktig oppgåve for å klare av å auke folketallet i framtida.</p>				